

Skulemusikken med tradisjonelt førjulslokker!

12.11.2007



Klare for loddosal – i fjar. No er dei klare for ein ny innsats.

Like sikkert som at jula nærmar seg, har skulemusikken gjennom mange år selt lodd på det årvisse førjulslokket sitt.

Dei seinare åra har også musikantane vore svært aktive i denne samanhengen ved at det er dei som har gått rundt på bygda og selt lodd. Torsdag kveld kan bygdefolket på nytt venta besøk av dei blide og positive musikantane. Då kjem dei rundt med loddbøkene sine.

Bygdefolket er alltid flinke å støtta opp om skulemusikken. Derfor er det mest utelukkande ei positiv oppleving for musikantane å gå rundt med loddboka. I tillegg til at bygdefolket er flinke å kjøpa lodd, er mange og svært så flinke å gje dei unge musikantane positive tilbakemeldingar. Dei fortel ungdommane at dei set stor pris på skulemusikken.

Gevinstlista i det tradisjonsrike lotteriet ber og preg av tradisjon. Det er julamat av beste klasse og gavekort.

Frå kl.17 og eit par timer utover vert det altså loddosal førstkommande torsdag. Etter salget er det tradisjonell pizzakos for dei unge loddselgjarane.

Elles vert det loddosal på dei vanlege stadene. Med SPAR-butikken er det gjort avtale om å selja lodd to fredagar, 30.11 og 07.12.

Vi veit at loddselgjarane vert godt mottekne! Derfor håpar vi korpsset kan gje bygdefolket ekstra mykje tilbake det komande året. I så måte har vi store forventningar til konserten med Frank Brodahl i april. Det trur vi kan vera ei stor og svingande oppleving!!

Av Thor Inge Døssland